

Solbakken og Prestnes

19.09.2011



Arbeidarpartiet, her under møtet på Husnes, satsa på ein annan koalisjon enn den med Høgre. Uskedelingane Magne Huglen og Jostein Grov er med i denne flokken. (Foto: Kvinnheringen)

**Thrillaren etter valet har hatt eit nytt og dramatisk kapitel i ettermiddag og kveld. Den forventa alliansen mellom Høgre og Arbeidarpartiet har sprukke og ein allianse mellom Ap, Frp, Sp og V har kome istaden. Det betyr at Synnøve Solbakken held fram som ordførar og Knut Prestnes blir varaordførar.**

Høgre er som det største partiet svært skuffa ettersom partiet hadd tru på ein plattform av dei 2 partia. Dei slår fast at posisjonar er viktigare enn politikk.

Ved å trykka på Lyden av Kvinnherad under HusnesNett til venstre på sida kan du høyra kommentarar til det siste som har skjedd.